


Feltspat frå Iveland blir til porselen-tenner i Liechtenstein:

Knut har gjort stein til eit levebrød



Knut Mølland frå Moissund eksporterer kalifeltspat frå farsgården Mølland i Iveland til Liechtenstein der steinen blir brukt til å produsere porselen-tenner. Han reknar med å levere 40 tonn i året av feltspaten, som i kvalitet knapt finst maken til i Europa.

Knut Mølland har skapt seg sin eigen arbeidsplass utav stein, nærare bestemt kalifeltspat. På farsgården Mølland i Iveland kommune har han investert vel 300 000 kroner i sorteringshall utan tilskot frå næringsfonda.

-Næringsfonda syr puter under armene på folk, meiner

Det var bestefar til Knut Mølland som på slutten av 1800 talet byrja å ta ut feltspaten på Mølland. I den tid gjekk steinen til å produsere porselen-servise. Sjølv s. rta Mølland så smått i 1964. Han selde steinen til Feltspatkompaniet på Evje som selde han vidare til produsentar av porselenservise og VVS-interiør i porselen.

For seks år sidan vart han klar over at steinen var av ein slik kvalitet at den kunne brukast til porselen-tenner. Då fekk han føre-

spurnad frå Ivoclar i Liechtenstein om å levere direkte til dei. Ivoclar som med sine 670 tilsette er den nest største fabrikk i landet, produserer millionar av porselen-tenner i året. I dag kjøper dei 80% av feltspaten dei nyttar i produksjonen av Mølland.

Kalifeltspat med like god kvalitet som på Mølland, finst berre i Sør-Afrika, Brasil og i Canada, i fylgje fabrikk i Liechtenstein.

Sorteringshall



-Ja det var nye tohundre kroner, seier Mølland og tømmer ei ny bytte stein i trekassen som rommar eit tonn.

Mølland, som altså har greidd seg utan slik støtte til no.

Feltspaten blir nytta til å produsere porselen-tenner i Liechtenstein. Mølland reknar med å levere 40 tonn i året av steinen som i kvalitet knapt finst maken til i heile Europa.


-To og eit halv tonn stein gir omlag ein million tenner, fortel Mølland, som etterkvart forstod at han kunne gjere steinen til eit levebrød. For to år sidan sette han difor opp ein sorteringshall.

-Dei fyrste åra heldt eg berre på i sommarhalvåret når eg kunne stå ute. Difor investerte eg vel 300 000 kroner i sorteringshall for to år sidan, så no kan eg halde på heile året.

Mølland har finansierte hallen sjølv utan noko form for tilskot, og

han legg heller ikkje skjul på kva tankar han har om næringsfond og byråkratar.

-Eg har ikkje søkt om ei krone til no, og har ikkje tenkt å gjere det heller. Generelt er eg imot at næringsfonda syr puter under armene på folk. Dessutan blir det som oftast altfor mykje byråkrati om ein blandar inn offentlege etatar. Skal du då til noko med deira hjelp i dag, må du byrje tidleg for å komme i mål med alt papirarbeidet. Dessutan må du



Mølland tek ut feltspat om sommaren, og lagrar han utanfor sorteringshallen han har sett seg opp. Ein stor leddport i eine vegg, gjer at han kan køyre inn steinen med hjullastar.

lære deg å smiske med byråkratane, og love at dei skal få all æra dersom det blir suksess. Helst bør også planane vere eit luftslott for at byråkratane skal bite på.

Men Mølland stikk ikkje under ein stol at litt hjelp har han då fått av det offentlege. I sommar fekk han bora to hol for om mogleg finne ut kor mykje feltspat det var att i området. Det var Evje og Hornnes kommune som ordna med dette.

Eige kraftverk

Sorteringshallen har han konstruert sjølv. Med ein leddport i eine vegg, kan han køyre inn steinen med hjullastar etterkvart. Mølland brukar sommaren til å ta ut den steinen han treng, og sparer såleis utgifter til å tappe gruva tom for vatn fleire gonger i året.

Når det gjeld energi til oppvarming og ljøs, så har Mølland utnytta fossefallet ovanfor sorteringshallen og fått laga seg sitt eige vesle kraftverk.

-Ja Georg Litvedt har installert ein liten turbin og ein generator, og om det ikkje blir meir enn 700 til 800 watt ut av det, så er det nok til å halde varmen, og til ljøs. Meir treng eg ikkje.

I sorteringshallen blir feltspaten knust ned til mindre bitar for å finne og fjerne restar av andre steintypar, i tillegg til at han blir grundig reingjort.

-Det er svært viktig at steinen er rein før han blir nytta i produksjon. På fabrikk i Liechtenstein har dei seks mann som knuser feltspaten ned til bitar på storleik med fyrstikkhovud for om mogleg finne restar av anna stein forklarar Mølland. Han leverte 80 tonn stein i fjor, og etter at representantar frå fabrikk i Liechtenstein var på besøk i haust, har han fått lovnd om å levere 40 tonn i året framover.

-Det er nok til at eg kan leve av det, men rik blir eg ikkje, meiner Mølland.

Vil ikkje ha kontrakt

Han fekk også tilbod om å skrive under ei gjensidig bindande kontrakt med Liechtenstein-fabrikk, men takka nei til dette.

-Dei kom med ei kontrakt, men eg sa eg ikkje ville ha noko slikt. Dei har sagt eg uansett kan få levere feltspat i femti år framover. Då er eg 103 år, så då er eg fornøgd, smiler Mølland.

-Men har du ikkje vurdert å utvide, og tilsetje folk utanom deg sjølv?

-Nei det er ikkje pengar i å ha fleire folk i arbeid. Eg hadde ein fast i fjor, men det blir for mykje avgifter og papirarbeid med å tilsetje nokon. Eg har ikkje noko igjen for det. Dessutan må eg jo tenkje på at kalifeltspaten er ei mangelvare ute i verda, og eg ser ikkje verdien av å grave den ut forstast mogleg. Då er det betre å spare litt til seinare generasjonar.

Og Mølland reknar ikkje med å gå tom for kalifeltspat med det fyrste.

-Nei her er stein nok for mange generasjonar framover, utan at eg kan seie noko sikkert. Geologen som var her i sommar i samband med boringa anslo talet til å vere 15 000 brutto-tonn. Men eg trur det er meir. Eg reknar i alle fall med å ha funne ein jobb eg kan leve av resten av yrkeslivet.